



## Medlemene i FAU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2520 - 17/27089

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

22.09.2017

## Møtebok for FAU ved Ostereidet ungdomsskule

### torsdag 21. september 2017

#### Desse møtte:

8.: Stein Juan Carlos L. Fyllingsnes

Susanne Rebnord

9.: Eirin Erstad Sandvik

Jostein Stemland

10A: Kari Zahl Nævdal

10B: Per Bjarne Andersson Styve

#### Møtedag vert tysdag

Skulen tek initiativ for å skaffe klassekontakt i 10 a og b.

#### Sak 01/ 2017 – 18: Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksførebuing:** Saklista er gjort kjend på mail og på facebook samt innkalling pr. sms.

**Framlegg til vedtak:** Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

#### Dette skjedde i møtet:

**Vedtak:** FAU godkjende innkalling og sakliste.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



## Sak 02/ 2017 – 18: Konstituering og val

**Saksførebuing:** FAU må årleg konstituere seg då det kvart år vert valde inn nye medlemmer/representantar. FAU har også utsendingar til samarbeidsutvalet (SU) og til skulemiljøutvalet (SMU). Det vert no også etablert eit kommunalt foreldreutval (KFU). I tillegg har FAU representant i utearealsgruppa (UAG). SU, SMU og UAG er partssamansette grupper.

**Framlegg til vedtak:**

**Dette skjedde i møtet:** FAU konstituerte seg

**Vedtak:** Alle klassekontaktar sit i FAU dette året grunna at vi er så få.

### FAU 2017 – 18 er:

Leiar: Stein Juan Carlos L Fyllingsnes

Nestleiar: Kari Zahl Nævdal

Kasserar: Eirin Erstad Sandvik

Skrivar: Susanne Rebnord

Medlemmer: Jostein Stemland og Per Bjarne Anderson Styve

<b>SU/SMU:</b>	Medlem Stein Juan Carlos L Fyllingsnes Kari Zahl Nævdal Susanne Rebnord	Varamedlem - NN 10b - NN 10a - Laila Bjørge
<b>KFU:</b>	Stein Juan Carlos L Fyllingsnes Per Bjarne Anderson Styve	- Jostein Stemland
<b>UAG:</b>	Eirin E. Sandvik	- Jostein Stemland

## Sak 03/ 2017 – 18: Oppgaver for klassekontaktar

**Saksførebuing:** Klassekontaktar skaper arbeidet sitt sjølv innan ramma som er lagt opp: arbeid for einskildeleven, arbeid for klassen, arbeid for skulen. Dette inneber samarbeid med kontaktlærer og rektor og vere talsperson dersom det er nødvendig. Det inneber også teieplikt om ting ein får greie på i møte o.a.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek rektor si orientering til etterretning.

**Dette skjedde i møtet:** Orientering vart delt ut og FAU drøfta kva det vil seie å vere klassekontakt.

**Vedtak:** FAU tek opp saka om klassekontaktane si rolle på eit møte i oktober. Tentativ dato: 17.10.17 Innkalling kjem seinare.

## **Sak 04/ 2017 – 18: §9A – elevane sitt skulemiljø**

**Saksførebuing:** §9A i opplæringslova dreier seg om elevane sitt skulemiljø. Som dei fleste kanskje veit, har denne paragrafen vorte endra og det vil påverke måten skulen jobbar på. Det vil og gi foreldre større handlingsrom. På møtet vil § 9A bli gjennomgått og omgrep som handleplikt, vere årvaken, gripe inn mm. Vil bli omtalte og orientert om.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek rektor si orientering til etterretning.

**Dette skjedde i møtet:** Rektor orienterte om revisjonen og skjerpinga av § 9A.

**Vedtak:** Skulen sender kopi av kommunen og skulen sine retningslinjer for arbeidet med §9A samt fullstendig lovtekst.

## **Sak 05/ 2017 – 18: Årshjul for FAU sine aktiviteter**

**Saksførebuing:** Det er nyttig å ha ein plan i ting. Eit årshjul fortel mykje og skaper forutseielege aksjonar.

**Framlegg til vedtak:** FAU utviklar årshjul.

**Dette skjedde i møtet:** Skjema og mønster vart delt ut og FAU gjekk gjennom året og fastsette arbeidsmål.

**Vedtak:** FAU tek mål av seg til å etterleve planen som er vedlagd.

## **Sak 06/ 2017 – 18: Orientering om skuleskyss og særleg farleg skuleveg.**

**Saksførebuing:** Kommunen har vurdert skuleveggar i Lindås og i vårt område har det ført til at fleire elevar som også bur nærmare skulen enn 4 km kan få skuleskyss.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek skulen si orientering til etterretning.

**Dette skjedde i møtet:** Rektor understreka at foreldra må søke om skuleskyss når dei bur under 4 km frå skulen, men det er kurant at elevar har rett til skuleskyss når skulevegen er erkjend særleg farleg skuleveg.

**Vedtak:** FAU tek orienteringa til etterretning.

## **Sak 07/ 2017 – 18: FAU sin arbeidsmåte**

**Saksførebuing:** Skulen står for den første innkallinga til FAU – møte. FAU er elles ei sjølvstendig eining i skulesystemet og rår såleis over møte og avgjerder sjølv. Rektor oppmodar FAU til å ta heile rolla si. Skulen vil alltid vere ein god samarbeidspart og vere på plass når FAU ynskjer det. Skulen vil som før vere sekretariat og «bank» for FAU.

**Framlegg til vedtak:** FAU tek mål av seg til å halde møta sine sjølv. Skulen og rektor hjelper til med innkallingar og sekretariat.

**Dette skjedde i møtet:** FAU uttrykte forståing for og ser behovet for å vere ein integrert men sjølvstendig eining i skulesystemet på Ostereidet.

**Vedtak:** FAU tek mål av seg til å halde møta sine sjølv. Skulen og rektor hjelper til med innkallingar og sekretariat.

## **Sak 08/ 2017 – 18: Andre saker**

**Saksførebuing:** 11.mai 2018 er ein inneklemt fredag. Dersom det er mogleg, vil mange setje pris på om denne dagen kan skulast inn ved t.d. obligatoriske møte / arrangementet i skulen eler FAU sin regi.

OD vert 27.10.17. Opplegg og arbeid vert informert om. Det erc bra om foreldra hjelper barnet sitt med å finne høveleg arbeid.

MOT gjennomsyrrer skulen og 26.09. kjem personalet til å ta opp korleis dei sjølv kan jobbe med MOT for å bidra til å skape Robust ungdom som tek vare på seg sjølv og andre.

**Framlegg til vedtak:**

**Dette skjedde i møtet:**

**Vedtak:** FAU tek informasjonen frå skulen til etterretning.

Møtedag: Tysdag

Med helsing

Arne Johannes Riisnes  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Årsplan17-18 FAU

Retningsliner Skulemiljø §9a LK frå 1.8.17

Plan for systematisk arbeid med skulemiljøet OU

**Mottakarar:**

Medlemene i FAU